

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet  
Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning

2017

ISSN: 2535-2806

MINA fagrapport 40

# Utlekking av metall frå Leca Lettklinker

Elin Gjengedal  
Marie Vollset  
Karl Andreas Jensen



Gjengedal, E., Vollset, M. & Jensen, K.A. 2017. **Utlekking av metall frå Leca Lettklinker**. - MINA fagrapport 40. 40 s.

Ås, april 2017

ISSN: 2535-2806

RETTSHAVAR

© Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)

Publikasjonen kan siterast fritt med referanse til kjelde

TILGJENGE

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

KVALITETSSIKRA AV

Forskningsutvalet, MINA, NMBU

OPPDRAGSGJEVAR

Innovasjonsselskapet Ecomotive AS (<http://www.ecomotive.no/>)

FRAMSIDEBILDE

Leca® 10-20 round og Filtralite® NR 10-20. Foto: Elin Gjengedal, NMBU

NØKKEWORD

Grunnstoffsamansetning, kolonnetest, kvalitetsvurdering, lecakuler, ristetest, utlekking

KEY WORDS

Elemental composition, column test, quality assessment, leca balls, batch test, leaching

Elin Gjengedal ([elin.gjengedal@nmbu.no](mailto:elin.gjengedal@nmbu.no)), Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Postboks 5003 NMBU, 1432 Ås

Marie Vollset ([marie.vollset@nmbu.no](mailto:marie.vollset@nmbu.no)), Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Postboks 5003 NMBU, 1432 Ås

Karl Andreas Jensen ([karl.jensen@nmbu.no](mailto:karl.jensen@nmbu.no)), Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Postboks 5003 NMBU, 1432 Ås

## Samandrag

To typer Leca (*Light Expanded Clay Aggregate*) Lettklinker, utgangspunkt for biofilter til reinsing av gråvatn, er undersøkt med omsyn på utlekking av metall i kontakt med ionefritt vatn og vatn bufra til pH 4,0. Utlekk av metall i ristetest (batchforsøk) og kolonnetest danna grunnlag for ei kvalitetsvurdering av dei to slaga Leca (kalla type A og type B).

Konsentrasjon av 65 grunnstoff vart fastsett ved bruk av induktivt kopla plasma massespektrometri.

Analyse av Leca type A, Leca® 10-20 round produsert i Latvia av Saint-Gobain Weber A/S, Ølst, Danmark, inneheld relativ høge konsentrasjonar av svovel og mangan. Innhald av molybden, antimon, tellur og kadmium er også høgare i Leca type A samanlikna med type B, Filtralite® NR 10-20 produsert av Weber Leca Rælingen, Norge. Leca type A har høgast konsentrasjon av dei aller fleste grunnstoff samanlikna med Leca type B. Unntaka, der Leca type B hadde høgast gjennomsnitt var kalium, natrium, nikkel, uran, cesium og thallium.

Filtermassen brukt til reinsing av gråvatn skal ikkje forureine naturmiljøet. Miljøprofilen til eit produkt er bestemt på grunnlag av analyse med omsyn på helse- og miljøfarlege stoff. For mange av grunnstoffa som er bestemt i dette arbeidet er det i dag ikkje sett grenseverdier, sidan kunnskapen om stoffa sin oppførsel i miljøet og potensielle helseeffekt ikkje er kjend. Nivåskilnad mellom Leca type A og Leca type B i totalinnhald av dei ulike grunnstoffa er interessant ut frå eit føre var-prinsipp i vurdering av kvalitet. Leca Lettklinker, utgangspunktet for alle Leca-produkta, blir marknadsført som eit reint naturprodukt som ikkje tynger naturen med avfallsstoff. Dette arbeidet har likevel vist at utlekk i kolonnetest frå Leca type A til ionefritt vatn (pH 6,5) overskrid terskelverdien for arsen, kopar, mangan og nikkel i sigevatn (SFT 2003), medan utlekk fra Leca type B (pH 10) har ingen overskridingar i høve til definerte terskelverdier. Konsentrasjonar over definerte terskelverdier for sigevatn er sett på som uakseptabel risiko, og ei vurdering om det er diffus transport av miljøfarlege stoff ut av deponiet er naudsynt. Ei samanlikning med krav sett til utlekkingspotensial for lagring av lett forureina masser i deponi for inert avfall ( $L/S = 2 \text{ L/kg}$ , *Council Decision 2003/33/EC*) viser at Leca type A i ristetest med ionefritt vatn (pH 6,5) overskrid grenseverdien for svovel og nikkel. Samtidig er utlekk ved  $L/S$  lik 0,1 L/kg i kolonnetest innanfor kravet med omsyn på lagring saman med stabilt ikkje-reaktivt farlig avfall; ikkje desto mindre, konsentrasjonen av svovel i utlekk held fram å auke etter måletidspunktet definert i standardmetoden. For Leca type B derimot, var det inga overskriding for utlekk til ionefritt vatn (pH 10), verken i riste- eller kolonnetest. I forsøk med bufferløysing pH 4,0 vart det målt auka utlekking av metall, både i ristetest og kolonnetest med Leca type A og type B.

Leca type B, norskprodusert Filtralite® NR 10-20, viser best resultat målt i utlekkingsforsøk (pH 10) og rangerast med best kvalitet. Ved bruk som biofilter for reinsing av avlaup er det viktig å sikre drift ved basisk pH for å unngå utlekking av toksiske eller potensielt toksiske grunnstoff. Ut frå eit føre var-prinsipp er det ikkje tilrådeleg å bruke Leca type A i reinsing av gråvatn utan først å undersøkje utlekkingspotensiale under aktivt bruk *in situ*.

## Abstract

Two kinds of Leca (*Light Expanded Clay Aggregate*) balls, basis for bio-filter in treatment of grey water, were examined with respect to leaching of metals when in contact with deionized (DI) water and with water buffered to pH 4.0. Leaching of metals, investigated in a batch and a column experiment, respectively, formed the basis for an environmental quality assessment of the two kinds of Leca® balls (named type A and type B). The concentration of 65 elements was determined using inductively coupled plasma mass spectrometry.

Leca type A, Leca® 10-20 round produced in Latvia by Saint-Gobain Weber a/s, Ølst, Denmark, showed relatively high concentrations of sulphur and manganese. The content of molybdenum, antimony, tellurium, and cadmium was also high in Leca type A compared to type B, Filtralite® NR 10-20 produced by Weber Leca Rælingen, Norway. Considering the majority of elements, Leca type A showed increased concentrations of metals compared to type B. The exceptions, where type B showed the highest concentrations were potassium, sodium, nickel, uranium, caesium, and thallium.

The filter medium used in treatment of grey water should not pollute the environment. The environmental profile of a product is determined on the basis of an analysis with respect to health and environmentally hazardous substances. For many of the elements that are determined in this work, there are no limit values, since knowledge of their behaviour in the environment and potential health effects is lacking. *Leca Lettklinker*, the starting point for all Leca products, is marketed as a clean natural product that put no burden to nature like a waste material. However, eluate collected when Leca type A was percolated with DI water (pH 6.5) demonstrated concentrations of arsenic, copper, manganese, and nickel that exceeded the threshold values for landfill leachate, whereas with Leca type B (pH 10) the threshold values were not exceeded for any of the elements listed. Overstepping a threshold value is seen as an unacceptable risk, and an evaluation is required whether a diffuse transport of environmentally hazardous substances out of the landfill may occur. A comparison with the leaching limit values for waste acceptable at landfills for inert waste ( $L/S = 2 \text{ L/kg}$ , Council Decision 2003/33/EC) shows that, when studied in a batch experiment, the limit values for sulphur and nickel are exceeded in leachate from Leca type A to DI water (pH 6.5). At the same time, the eluate of column test at  $L/S$  equal to  $0.1 \text{ L/kg}$  showed results within the leaching limit values for waste acceptable at landfills for stable non-reactive hazardous waste; not the less, the concentration of sulphur in leachate continue to increase after the measuring time defined in the standard method. For Leca type B on the other hand, there were no values exceeding the limit values to DI water (pH 10), neither in the batch nor in the column test. In trials with buffer pH 4.0, an increased leaching of metals, both in the batch and in the column test were noticed, both for Leca type A and type B.

Leca type B, Filtralite® NR 10-20, produced in Norway, shows the most eco-friendly results in terms of low leaching of metals (pH 10) and is ranked highest with respect to environmental quality. When considering use of Filtralite® NR 10-20 as a bio filter for grey water, it is important to ensure operation at alkaline pH to avoid leaching of toxic or potentially toxic chemical element. Out from a precautionary principle, it is not recommended to use Leca type A in rinsing of grey water without investigating the leaching potential of metals *in situ*.

## Føreord

Det eksperimentelle arbeidet er utført av avdelingsingeniør Marie Vollset i Fakultet for miljøvitskap og naturforvaltning sitt laboratorium for kjemiske analyser. Senioringeniør Karl Andreas Jensen har teke del i planlegging av kolonnetesten og dei kjemiske analysane. Førsteamanuensis Elin Gjengedal var ansvarleg for prosjektet og utforming av rapporten. Takk til Ecomotive AS for økonomisk støtte til prosjektet. Ecomotive AS er eit innovasjonsselskap som i samarbeid med sine eigarar og leiande aktørar frå næringsliv og universitetsmiljø utviklar moderne, ressursnøysame avlaupsløysingar (<http://www.ecomotive.no/>).

## Ordforklaringar og forkortingar

<b>Blankprøve</b>	Ein blank prøve inneheld kjemikaliar nytta i analysen i same mengder (inkludert vatn) og som har gått gjennom identisk analytisk prosedyre som analytt. Resultatet for blanke prøver blir subtrahert frå analyse-resultatet. Dersom resultatet for blanke prøver ikkje er eintydig er analyseresultatet ugyldig
<b>CRM</b>	<i>Certified reference material</i> ; referansemateriale der verdien til ein eller fleire eigenskaper er sertifisert ved ein teknisk gyldig prosedyre som er sporbar til eit sertifikat eller annan dokumentasjon utgitt av eit sertifiseringsorgan
<b>DoP</b>	<i>Declaration of Performance</i> ; ytelseserklæring
<b>DI</b>	<i>Deionized</i> ; ionefritt
<b>Eluent</b>	Løysingsmiddel
<b>EPD</b>	<i>Environmental Product Declaration</i> ; dokumentasjon på miljøprofilen til eit produkt
<b>Gråvatn</b>	Avlaup frå bade-, oppvask- og vaskevatn
<b>HREE</b>	<i>Heavy rare earth elements</i> ; tunge sjeldne jordartsgrunnstoff
<b>Husstandard</b>	Kontrollprøve sporbar til sertifisert referansemateriale
<b>ICPMS</b>	Induktivt koplta plasma massespektrometri
<b>In situ</b>	På staden (Latin)
<b>Ionefritt vatn</b>	Vatn reinsa ved omvendt osmose, ionebytting og ulike filter (partikkel-, kol- og bakteriefilter)
<b>Leca</b>	<i>Light Expanded Clay Aggregate</i> ; eit kuleforma granulat av ekspandert leire med eit hardt keramisk skal omkring ein porøs kjerne
<b>LREE</b>	<i>Light rare earth elements</i> ; lette sjeldne jordartsgrunnstoff
<b>L/S</b>	<i>Liquid/Solid</i> ; væske/fast stoff
<b>LOD</b>	Deteksjonsgrense; den minste mengda eller konsentrasjon av ein analytt som kan påvisast (kvalitativ bestemming) med ein gitt grad av sannsynlighet
<b>LOQ</b>	Kvantifiseringsgrense; den minste mengda eller konsentrasjon av ein analytt som kan kvantifiserast med ein gitt måleusikkerhet

---

<b>Måleusikkerhet</b>	Ein parameter som fortel noko om spreinga i dei underliggande verdiane som eit måleresultat er basert på
<b>NENT</b>	Den nasjonale forskningsetiske komité for naturvitskap og teknologi
<b>pe</b>	En person = 1 pe
<b>RSD</b>	Relativt standard avvik
<b>V/V</b>	volum/volum
<b>w/w</b>	masse/masse
<b>WHO</b>	World Health Organization

---

Samandrag

Abstract

Føreord

Ordforklaringar og forkortingar

## Innhald

1 Innleiing .....	9
2 Metode.....	10
2.1 Produktspesifikasjon for Leca type A og Leca type B.....	10
2.2 Sur dekomponering av lecakuler og kvantitativ bestemming av grunnstoff ved bruk av ICPMS .....	10
2.3 Ristettest (batchforsøk).....	11
2.4 Kolonnetest.....	12
3 Resultat og diskusjon .....	13
3.1 Analyse av Leca type A og type B med omsyn på grunnstoffsamansetning .....	13
3.2 Utlekking av grunnstoff frå Leca type A og B studert i ristetest ved ulik pH og ionestyrke .....	16
3.3 Utlekking av grunnstoff frå Leca type A og B studert i kolonnetest ved ulik pH og ionestyrke .....	22
3.4 Grunnstoffkonsentrasjonar målt i utlekk frå lecakuler sett i samanheng med relevante forskrifter og grenseverdier .....	24
4 Konklusjon .....	28
5 Referansar.....	30
Vedlegg A – Produktdatablad Leca type A (Leca® 10-20 round).....	32
Vedlegg B – Produktdatablad Leca type B (Filtralite® NR 10-20 .....	33
Vedlegg C – Resultat frå ristetest.....	34
Vedlegg D – Deteksjons- og kvantifiseringsgrenser.....	37
Vedlegg E – Perodesystemet.....	40



## 1 Innleiing

Leca (*Light Expanded Clay Aggregate*) er ei rekkje ulike slag produkt, alle basert på brend leire. Leca Lettklinker, også kjend som laus Leca og Leca kuler, er utgangspunktet for alle Leca-produkta. Leiren blir tørka og brend i store rotéomnar, og ekspanderer ved omlag 1200 °C til eit kuleforma granulat av ekspandert leire med eit hardt keramisk skal omkring ein porøs kjerne.

AS Norsk Leca vart etablert i 1954, men har sidan vore gjennom en rekkje omorganiseringar og eigarskifte. I dag er Leca ein del av det franske selskapet Saint-Gobain, som mellom anna driv verksemdar knytt til produksjon av Leca i 12 europeiske land. Leca Lettklinker blir marknadsført som et reint naturprodukt som ikkje tyngjer naturen med avfallsstoff ([www.leca.no](http://www.leca.no)). Produktet sine gode fysiske eigenskapar gjer det eigna som eit byggemateriale og bruksområda er mange. I dette arbeidet skulle to slag Leca Lettklinker (her etter omtalt som lecakuler) til bruk som filtermasse i reinseanlegg for gråvatn undersøkjast i laboratoriet. Dei to produkta er omtalt som Leca type A (Leca® 10-20 round, produsert i Latvia av Saint-Gobain Weber A/S, Ølst, Danmark) og Leca type B (Filtralite® NR 10-20, produsert av Weber Leca Rælingen, Norge, <http://www.filtralite.com/en/home-page>).

EPD (*Environmental Product Declaration*) gir miljøprofilen til eit produkt. Eksempelvis er Leca Lettklinker ISO 10-20 gitt beste karakter; produktet har fått karakteren 1 fordi i) produktet ikkje inneheld helse- og miljøfarlege stoff og ii) det ikkje er nytta helse- og miljøfarlege stoff i framstillingsprosessen. Lista over helse- og miljøfarlege stoff inneheld stoff som er dokumentert skadeleg; denne kunnskapen er mangelfull. I dette arbeidet er ei meir omfattande kjemisk analyse blitt utført. For mange av grunnstoffa er det i dag ikkje sett grenseverdier, sidan kunnskapen om stoffa sin oppførsel i miljøet og potensiell helseeffekt ikkje er kjend. § 9 i Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) (Klima- og miljødepartementet, 2009) seier, sitat «*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak*». Same resonnement kan nyttast opp imot potensielle helseeffekt; sjå forskingsetiske retningslinjer utarbeida av Den nasjonale forskingsetiske komité for naturvitskap og teknologi (NENT) i 2007 og omarbeida i 2015. Retningslinjene supplerer eksisterande internasjonale forskingsetiske retningslinjer.

Ei teknisk godkjenning (TG) dokumenterer alle relevante eigenskapar for eit produkt i høve til krav i teknisk forskrift. DoP – ei ytelseserklæring (*Declaration of Performance*) skal ifølgje reglane innehalde opplysningar om produsent, tilsikta bruk og ytelse for produktet, kva teknisk kontrollorgan som har vore involvert, kva oppgåver som det tekniske kontrollorganet har utført og kva sertifikat det tekniske kontrollorganet har skrivne ut. Vesentlege eigenskapar som *utlekking av kjemiske stoff* er likevel ofte ikkje oppgitt.

Ecomotive AS utviklar bærekraftige avlaupsløysingar, det vil seie at produkta skal ha minimal påverknad på naturmiljøet. Dette arbeidet omfattar ei karakterisering av lecakuler

med omsyn på totalinnhald av grunnstoff, samt ein ristetest og ein kolonnetest for å undersøkje utlekking av grunnstoff under ulike kjemiske tilhøve (pH og ionestyrke). Forsøket simulerer sure tilhøve (pH 4,0) og «naturlige tilhøve» i eit biofilter. Gråvatn frå fritidsbustader inn til eit reinseanlegg vil typisk ha pH 6,5 – 7,5. I test med Filtralite® NR 10-20 som biofilter er det målt pH 7,1 – 8,6 i utlaup (Hensel 2008). I dette laboratorieforsøket er gråvatn erstatta med ionefritt vatn (pH 6), og pH i forsøk med Leca type A i ionefritt vatn vart pH 6,5, medan forsøk med Leca type B i ionefritt vatn hadde pH 10. For å kunne skilje mellom Leca type A og B med omsyn på kvalitet er det naudsynt å undersøkje variasjonar innan og mellom produksjonsseriar; analyse av fleire prøver frå kvar batch gir eit mål på presisjon og eit grunnlag for å diskutere eventuelle skilnader. Kvalitetsvurderinga er grunna i eit føre var-prinsipp; type Leca med lågast innhald av toksiske eller potensielt toksiske grunnstoff målt i utlekkingsforsøk blir rangert med best kvalitet.

## 2 Metode

### 2.1 Produktspesifikasjon for Leca type A og Leca type B

Tettleik (*loose bulk density*) for Leca type A (Leca® 10-20 round; Fig. 1) er i produktdatabladet oppgitt som 225 – 295 kg/m<sup>3</sup>, med ein typisk verdi på 260 kg/m<sup>3</sup>. Aggregatstorleiken er oppgitt som 8 – 20 mm (Vedlegg A). Leca type B (Filtralite® NR 10-20; Fig. 1) har en tettleik på 260 kg/m<sup>3</sup> ± 50 kg/m<sup>3</sup> og aggregatstorleik lik 10- 20 mm (Vedlegg B).



**Figur 1.** Til venstre: Leca type A (Leca® 10-20 round, produsert i Latvia av Saint-Gobain Weber A/S, Ølst, Danmark). Til høgre: Leca type B (Filtralite® NR 10-20, produsert av Weber Leca Rælingen, Norge, <http://www.filtralite.com/en/home-page>).

### 2.2 Sur dekomponering av lecakuler og kvantitativ bestemming av grunnstoff ved bruk av ICPMS

Lecakulene vart knust og omtrent 0,250 g av homogenisert prøve var vege inn for syredekomponering ved bruk av mikrobølgjeteknikk. To ulike prøveprepareringar vart nytta (Tabell 1).

**Tabell 1.** Prøveprepareringar for å løyse grunnstoff frå kjemiske bindingar i Leca. Salpetersyre er en sterk oksiderande syre. Nokre grunnstoff er bunde i krystallstrukturar der kjemiske bindingar ikkje blir brote ned av salpetersyre åleine. Flussyre løyser silikat. Alle grunnstoff må vere som ion i løysning for instrumentell analyse på ICPMS.

Leca	Talet på parallellar (n)	Syretilsetning for dekomponering	Kompleksbindar for stabilisering av dekomponert prøve
A	8	5 mL salpetersyre (69% (w/w)* HNO <sub>3</sub> )	1,0 mL saltsyre (37% (w/w) HCl)
A	7	5 mL salpetersyre (69% (w/w) HNO <sub>3</sub> ) + 1 mL flussyre (48% (w/w) HF)	
B	8	5 mL salpetersyre (69% (w/w) HNO <sub>3</sub> )	1,0 mL saltsyre (37% (w/w) HCl)
B	7	5 mL salpetersyre (69% (w/w) HNO <sub>3</sub> ) + 1 mL flussyre (48% (w/w) HF)	

\*w/w = masse/masse

Replikate prøver av knuste og homogeniserte lecakuler og tilhøyrande blankprøver vart dekomponert i Milestone Ultraclave ved trinnvis temperaturstigning til ein maksimumstemperatur på 260 °C og eit maksimumstrykk på 150 bar. Dekomponeringa skjer i eit lukka kammer, der trykket i kammeret alltid er høgare enn damptrykket i prøverøyret som inneheld knust Leca og syre. Rotasjon av polare molekylar (vatn) og migrasjon av ion (frå tilsett syre) i eit vekslende elektromagnetisk felt skapar friksjonsvarme, og når dette skjer i eit lukka kammer under høgt trykk er det mulig å oppnå ein høg temperatur utan at prøva kokar. Gitt riktig val av syre vil kjemiske bindingar bli brotne og grunnstoffa vere som ion i løysing, klar for kvantitativ bestemming på ICPMS.

Prøvene som berre var tilsett 69% (w/w) HNO<sub>3</sub> før dekomponering vart tilsett 1,0 mL 37% (w/w) HCl etter dekomponering, slik at dei etter fortynning med ionefritt vatn hadde ein syrekonsentrasjon på 10% (V/V) HNO<sub>3</sub> og 2% (V/V) HCl. Prøvene som var tilsett flussyre vart fortynna 10 gonger i 15 mL sentrifugerør til ein syrekonsentrasjon på 1% (V/V) HNO<sub>3</sub> og 0,2% (V/V) HF.

Kvantitativ bestemming vart utført ved bruk av Agilent 8800 QQQ ICPMS. Ein husstandard (1643H) vart analysert som uavhengig kontroll på kalibreringa av instrumentet. Husstandarden er sporbar til sertifisert referansemateriale (CRM) National Institute of Standards and Technology (NIST) *1643e Trace elements in water*. NIST *Montana II Soil 2711a Moderately Elevated Trace Element Concentrations* vart analysert for å bestemme nøyaktighet i metoden.


### 2.3 Ristettest (batchforsøk)

Intakte lecakuler av to ulike leveransar av type A og av type B gjennomgjekk fire ulike prøveprepareringar, kvar med 5 parallellar: i) 12 g lecakuler i 25 mL ionefritt vatn; ii) 12 g lecakuler i 25 mL bufferløysing; iii) 12 g lecakuler vart bløytlagt i ionefritt vatn i 2 timar,

deretter overført til 25 mL ionefritt vatn; og iv) 12 g lecakuler vart bløytlagt i ionefritt vatn i 2 timar, deretter overført til 25 mL bufferløysing.

Forsøket simulerer stagnasjon under sure tilhøve (pH 4,0) og «naturlige tilhøve» i eit biofilter. pH i forsøk med Leca type A i ionefritt vatn hadde pH 6,5, medan forsøk med Leca type B i ionefritt vatn hadde pH 10. Bufferen inneheld eddiksyre (analysekvalitet) og natriumacetat (tri-hydrat, pro analyse). Leiingsevna i bufferløysinga vart bestemt til 5,3 mS/cm, samanlika med 1,0  $\mu$ S/cm i ionefritt vatn (WTW pH/Cond 340i).

Talet på prøver til analyse vart 96, medrekna 16 blanke prøver. Etter 24 timar på ristemaskin ved låg hastighet for å unngå friksjon mellom lecakulene (Fig. 2), vart ca 13 mL av vatnet helt over i nye rør og sentrifugert; til slutt vart 9,5 mL pipettert ut og tilsett 0,5 mL 69% (w/w) HNO<sub>3</sub> for konservering. Prøver med ionefritt vatn vart analysert direkte, medan prøvene med buffer vart fortynna 10 gonger før kvantitativ bestemming ved bruk av Agilent 8800 QQQ ICPMS. Husstandarden 1643H vart analysert som kontroll.



**Figur 2.** Forsøksoppsett for ristetest. Forsøket simulerer stagnasjon under sure tilhøve (pH 4,0) og «naturlige tilhøve» i eit biofilter. pH i forsøk med Leca type A i ionefritt vatn hadde pH 6,5, medan forsøk med Leca type B i ionefritt vatn hadde pH 10. Forsøket varte i 24 timar. Leiingsevna i bufferløysinga var 5,3 mS/cm mot 1,0  $\mu$ S/cm i ionefritt vatn.

## 2.4 Kolonnetest

Tolv glaskolonnar (lengde 31 cm; diameter 4,1 cm; volum 0,41 L) vart fylt med intakte lecakuler, derav seks med type A og seks med type B. Alle kolonnane vart gjennomstrømde oppstraums med ei løysing, seks med ionefritt vatn og seks med buffer. Dette gjev fire kombinasjonar, kvar med 3 parallellar: i) Leca type A og ionefritt vatn; ii) Leca type B og ionefritt vatn; iii) Leca type A og ionefritt vatn bufra til pH 4,0; og iv) Leca type B og ionefritt vatn bufra til pH 4,0. Bufferen inneheld eddiksyre (analysekvalitet) og natriumacetat (tri-hydrat, pro analyse). Leiingsevna i bufferløysinga var 5,3 mS/cm, samanlikna med 1,0  $\mu$ S/cm i ionefritt vatn.

Peristaltiske pumper gav ein gjennomstrøymingshastighet på 2 mL/min. Kvar kolonne hadde eit væskevolum på 160 – 170 mL og en gjennomsnittleg masse av lecakuler lik 95 g. Det vart gjort uttak av fire sett med prøver dagen forsøket starta; ved oppstart, etter 30 minutt, etter 1 time, samt etter 1,5 – 2 timar. Deretter vart det teke eit sett med prøver kvar dag i sju dagar; ei prøver á 10 mL frå kvar av dei 12 kolonnane.

Underveis vart pH målt til 4,0 i stikkprøver frå kolonnane med buffer, 6,5 i kolonnar med ionefritt vatn og Leca type A, og 10 i kolonnar med ionefritt vatn og Leca type B (Radiometer analytical PHM210 Standard pH Meter; Ross kombinert indikator og referanselektrode).



**Figur 3.** Forsøksoppsett for oppstraums kolonnetest. Forsøket simulerer tilhøve i eit biofilter. Ei peristaltisk pumpe gav ein konstant gjennomstrøymingshastighet i forsøket på 2 mL/min. Forsøket varte i ei veke. Leiingsevna i bufferløysinga var 5,3 mS/cm mot 1,0  $\mu$ S/cm i ionefritt vatn.

Prøvene vart analysert ved bruk av Agilent 8800 QQQ ICPMS. Prøvene frå kolonnane gjennomstrøymde med ionefritt vatn vart tilsett salpetersyre (Sub boiled ultra pure) før kvantitativ bestemming på ICPMS, medan prøvene frå kolonnane som var gjennomstrøymde med buffer vart fortynna ti gonger med ionefritt vatn og tilsett salpetersyre. Alle prøvene hadde ein syrekonsentrasjon på 5%. Husstandarden 1643H vart analysert som kontroll på nøyaktighet i kalibrering av instrumentet. NIST 1640 Trace elements in natural water vart analysert som kontroll på nøyaktighet i metoden.

### 3 Resultat og diskusjon

#### 3.1 Analyse av Leca type A og type B med omsyn på grunnstoffsamansetning

For å kunne skilje mellom Leca type A og type B var det naudsynt å undersøke både variasjonar innan og mellom ulike produksjonar (parti) av Leca. Analyse av fleire prøver innan ein produksjon gjev eit mål på presisjon og eit grunnlag for å diskutere eventuelle skilnader mellom ulike parti av same type Leca og mellom ulike slag Leca. Med unntak av molybden og wolfram, som begge fekk høge RSD-verdiar, var variasjonen innan same produksjon liten og jamt over lågare enn 20% (Tabell 2 og 3). Det tyder på at prøvematerialet vart godt homogenisert før uttak av prøver til dekomponering og at analyseresultata er representative for kvar type Leca.

Med omsyn på totalkonsentrasjon har Leca type A høgare konsentrasjon av dei aller fleste grunnstoff samanlikna med type B. Unntaka, der Leca type B hadde høgast gjennomsnittskonsentrasjon var magnesium, silisium, kalium, natrium, nikkell, bly, uran,

cesium og thallium; standardavviket viser likevel at skilnaden med omsyn på magnesium, silisium og bly var ubetydeleg. To grunnstoff som utmerka seg med høge konsentrasjonar og klart høgare i Leca type A samanlikna med type B, var svovel og mangan. Molybden, antimon, tellur og kadmium viste óg høgare konsentrasjonar i Leca type A samanlikna med type B. Begge slaga Leca inneheld dessutan høge konsentrasjonar av titan.

Det engelske ordet «*rare earth metals*» (REE) er misvisande, sidan mange av grunnstoffa ikkje er sjeldne, men tvert om er vanlege – Til dømes er cerium like vanleg som kopar (Rayner-Canham & Overton, 2014). Yttrium finn ein i den same malmen som lantanoidane. Dei lette sjeldne jordartsgrunnstoffa (*light rare earth elements*, LREE) (lantan, cerium, praseodym, neodym, promethium, samarium; sjå vedlegg E) har høgare førekomst i jordskorpa enn dei tunge sjeldne jordartsgrunnstoffa (*heavy rare earth elements*, HREE) (yttrium, europium, lutetium). Mellom actinidane er det grunnstoffa thorium og uran som er bestemt i dette arbeidet. Utgangspunktet for Leca er brend leire og den kjemiske samansetninga av lecakulene viser at ei lang rekkje grunnstoff er representert. Tabell 2 og 3 gjev ein oversikt over grunnstoffsamansetninga av Leca. Grunnstoffa er lista etter minkande konsentrasjon målt i Leca type A.

**Tabell 2.** Gjennomsnitt, standardavvik (SD) og relativt standardavvik (RSD) for grunnstoff i prøver av Leca dekomponert med salpetersyre og konserverert med saltsyre. Sjå vedlegg D for deteksjons- og kvantifiseringsgrenser (LOD, LOQ). Eit høve >1 mellom dei to slaga Leca (A/B) viser at konsentrasjon målt i Leca type A er høgare enn i Leca type B.

Atom- nr	Grunnstoff (Kjemisk symbol)	Leca type A (n=7)		Leca type B (n=7)		A/B
		Gjennomsnitt ± SD [mg/kg]	RSD [%]	Gjennomsnitt ± SD [mg/kg]	RSD [%]	
13	Aluminium (Al)*	$(30 \pm 2,2) \cdot 10^3$	8	$(11 \pm 0,85) \cdot 10^3$	8	2,6
12	Magnesium (Mg)	$(5,6 \pm 0,53) \cdot 10^3$	10	$(6,0 \pm 0,54) \cdot 10^3$	9	0,93
58	Cerium (Ce)	$22 \pm 2,9$	14	$10 \pm 1,7$	17	2,2
57	Lantan (La)	$9,0 \pm 1,5$	16	$5,0 \pm 0,76$	15	1,8
37	Rubidium (Rb)*	$8,7 \pm 0,82$	9	$4,7 \pm 0,69$	15	1,9
39	Yttrium (Y)	$7,5 \pm 0,96$	13	$1,8 \pm 0,30$	16	4,2
59	Praseodym (Pr)	$2,3 \pm 0,32$	14	$1,2 \pm 0,19$	16	1,9
62	Samarium (Sm)	$1,9 \pm 0,26$	14	$0,74 \pm 0,12$	16	2,6
64	Gadolinium (Gd)	$1,7 \pm 0,24$	14	$0,53 \pm 0,077$	15	3,2
66	Dysprosium (Dy)	$1,5 \pm 0,22$	15	$0,36 \pm 0,060$	17	4,2
90	Thorium (Th)	$1,5 \pm 0,24$	16	$0,94 \pm 0,14$	15	1,6
68	Erbium (Er)	$0,81 \pm 0,10$	13	$0,18 \pm 0,028$	16	4,5
63	Europium (Eu)	$0,60 \pm 0,054$	9	$0,14 \pm 0,022$	16	4,3
65	Terbium (Tb)	$0,27 \pm 0,034$	13	$0,070 \pm 0,011$	16	3,9
69	Thulium (Tm)	$0,11 \pm 0,017$	15	$0,025 \pm 0,0032$	13	4,4
79	Gull (Au)	<LOQ	-	<LOD	-	-
80	Kvikksølv (Hg)	<LOD	-	<LOD	-	-

\*Totalkonsentrasjon er underestimert ved dekomponering

**Tabell 3.** Gjennomsnitt, standardavvik (SD) og relativt standardavvik (RSD) for grunnstoff i prøver av Leca dekomponert med salpetersyre og flussyre. Sjå vedlegg D for deteksjons- og kvantifiserings-grenser (LOD, LOQ). Eit høve >1 mellom dei to slaga Leca (A/B) viser at konsentrasjon målt i Leca type A er høgare enn i Leca type B.

Atom- nr	Grunnstoff (Kjemisk symbol)	Leca type A (n=8)		Leca type B (n=8)		A/B
		Gjennomsnitt ± SD [mg/kg]	RSD [%]	Gjennomsnitt ± SD [mg/kg]	RSD [%]	
14	Silisium (Si)*	$(160 \pm 6,9) \cdot 10^3$	4	$(170 \pm 4,9) \cdot 10^3$	3	0,94
26	Jern (Fe)	$(60 \pm 3,2) \cdot 10^3$	6	$(38 \pm 0,53) \cdot 10^3$	1	1,5
20	Kalsium (Ca)	$(23 \pm 0,95) \cdot 10^3$	4	$(14 \pm 1,1) \cdot 10^3$	8	1,6
19	Kalium (K)*	$(7,3 \pm 0,31) \cdot 10^3$	4	$(16 \pm 0,58) \cdot 10^3$	4	0,46
22	Titan (Ti)	$(6,9 \pm 0,30) \cdot 10^3$	4	$(4,6 \pm 0,038) \cdot 10^3$	1	1,5
11	Natrium (Na)	$(6,1 \pm 0,46) \cdot 10^3$	8	$(13 \pm 0,53) \cdot 10^3$	4	0,47
25	Mangan (Mn)	$(3,5 \pm 0,18) \cdot 10^3$	5	$(0,91 \pm 0,044) \cdot 10^3$	5	3,9
16	Svovel (S)	$(3,4 \pm 0,37) \cdot 10^3$	11	$(0,65 \pm 0,026) \cdot 10^3$	4	5,2
15	Fosfor (P)	$(2,0 \pm 0,33) \cdot 10^3$	16	$(0,97 \pm 0,012) \cdot 10^3$	1	2,1
56	Barium (Ba)*	500 ± 31	6	410 ± 25	6	1,2
38	Strontium (Sr)*	390 ± 9,8	3	129 ± 3,8	3	3,0
23	Vanadium (V)	250 ± 0,0	0	153 ± 4,9	3	1,6
30	Sink (Zn)*	210 ± 28	13	107 ± 4,9	5	2,0
40	Zirkonium (Zr)	150 ± 3,8	2	84 ± 2,2	3	1,8
28	Nikkel (Ni)	150 ± 12	8	230 ± 22	9	0,65
24	Krom (Cr)*	150 ± 37	24	80 ± 1,8	2	2,3
5	Bor (B)	140 ± 12	9	<LOQ	-	-
29	Kopar (Cu)	110 ± 7,6	7	45 ± 0,79	2	2,4
3	Litium (Li)	75 ± 5,8	8	39 ± 0,69	2	1,9
27	Kobolt (Co)	47 ± 4,0	9	21 ± 2,3	11	2,2
82	Bly (Pb)	21 ± 1,3	6	23 ± 0,98	4	0,91
42	Molybden (Mo)	20 ± 11	74	2,9 ± 0,053	2	6,9
60	Neodym (Nd)	19 ± 0,38	2	17 ± 0,49	3	1,1
33	Arsen (As)	14 ± 0,76	5	7,1 ± 0,17	2	2,0
21	Scandium (Sc)	8,5 ± 1,2	14	4,8 ± 0,45	9	1,8
50	Tinn (Sn)	6,7 ± 1,6	23	2,6 ± 0,098	4	2,6
72	Hafnium (Hf)	4,0 ± 0,15	4	2,5 ± 0,098	4	1,6
74	Wolfram (W)	4 ± 2,5	59	1,1 ± 0,00	0	4
32	Germanium (Ge)	2,6 ± 0,16	6	1,6 ± 0,11	7	1,6
92	Uran (U)	2,6 ± 0,13	5	3,4 ± 0,053	2	0,77
4	Beryllium (Be)	2,5 ± 0,079	3	2,5 ± 0,038	2	1,0
34	Selen (Se)	2,4 ± 0,49	20	<LOQ	-	-
51	Antimon (Sb)	2,1 ± 0,12	5	0,44 ± 0,013	3	4,8
70	Ytterbium (Yb)	1,3 ± 0,37	28	0,78 ± 0,078	10	1,7
73	Tantal (Ta)	1,1 ± 0,053	5	1,1 ± 0,00	0	1,0
55	Cesium (Cs)	0,63 ± 0,039	6	0,86 ± 0,061	7	0,73

Tabell 3 held fram.

Atom- nr	Grunnstoff (Kjemisk symbol)	Leca type A (n = 7)		Leca type B (n = 7)		A/B
		Gjennomsnitt ± SD [mg/kg]	RSD [%]	Gjennomsnitt ± SD [mg/kg]	RSD [%]	
67	Holmium (Ho)	0,5 ± 0,15	32	0,25 ± 0,023	9	2
81	Thallium (Tl)	0,43 ± 0,025	6	0,70 ± 0,021	3	0,61
83	Vismut (Bi)	0,33 ± 0,067	20	0,21 ± 0,034	16	1,6
52	Tellur (Te)	0,28 ± 0,033	12	0,053 ± 0,0067	13	5,3
48	Kadmium (Cd)	0,28 ± 0,10	37	0,066 ± 0,017	27	4,2
47	Sølv (Ag)	0,23 ± 0,021	9	0,11 ± 0,0038	3	2,1
71	Lutetium (Lu)	0,20 ± 0,056	29	0,12 ± 0,011	9	1,7
49	Indium (In)	0,085 ± 0,011	13	0,068 ± 0,0054	8	1,3
45	Rhodium (Rh)	<LOQ	-	<LOQ	-	-
77	Iridium (Ir)	<LOQ	-	<LOQ	-	-

\*Totalkonsentrasjon er underestimert ved dekomponering

### 3.2 Utlekking av grunnstoff frå Leca type A og B studert i ristetest ved ulik pH og ionestyrke

Grunnstoff med høgast totalkonsentrasjon i Leca vil ikkje nødvendigvis vere grunnstoff med høgast konsentrasjon i utlekk. Det er styrken på kjemiske bindingar og korleis dei blir påverka av ulike kjemiske tilhøve, eksempelvis pH og ionestyrke, som bestemmer grad av utlekking. I ein ristetest vil kjemiske reaksjonar gå inntil det innstiller seg ei jamvekt mellom grunnstoff i løysing og grunnstoff bunde/assosiert til fast stoff. I dette forsøket vart kontakttida bestemt til 24 timar utan at tid for jamvekt var kjend. Tabell C1 i vedlegg C viser utlekking av grunnstoff frå Leca type A og type B ved ulik pH og ionestyrke; utrekna som i) prosent av totalinnhald, og som ii) mg utlekk frå eit kilo Leca når høvet mellom væske og fast stoff var lik to ( $L/S \cong 2$ ). Tabell 4 viser høvet A/B som er utrekna på grunnlag av utlekk ved  $L/S \cong 2$  når masse Leca er lik 1 kg. Eit høve A/B >1 viser at konsentrasjon målt i utlekk frå Leca type A var høgare enn i utlekk frå Leca type B. Til samanlikning er volumkonsentrasjonar av grunnstoffa målt i utlekk vist i figurane 4 – 6.

Grunnstoffa som viste dei høgaste konsentrasjonane i dekomponert Leca var silisium, jern og aluminium (Tabell 2 og 3). Konsentrasjonen av jern og aluminium var høvesvis 1,5 og 2,6 gonger høgare i Leca type A samanlikna med type B, medan konsentrasjonen av silisium var omtrent lik i type A og B, når det blir teke omsyn til spreinga i målingane. Mangan og svovel viste eit høgare innhald i Leca type A samanlikna med type B, likeeins fosfor; forholdet A/B var høvesvis 3,9, 5,2 og 2,1 for kvart av dei tre grunnstoffa (Tabell 3). Ristetsten med Leca speglar skilnaden i totalinnhald mellom dei to slaga Leca; målt i løysing viser til dømes mangan og svovel klart høgast utlekk frå Leca type A samanlikna med type B, både i utlekk til ionefritt vatn og i utlekk til bufferløysing (Fig. 4). Ved å sjå på høvet A/B i utlekk til ionefritt vatn, er det særleg grunnstoffa jern, titan, magnesium, mangan, svovel, barium, strontium, litium og molybden som skil seg ut, alle med eit høve A/B høgare enn fem (Tabell 4). Kalium, fosfor, sink, kopar, kobolt, bly, lantan, rubidium, yttrium, samarium, gadolinium,



dysprosium, ytterbium, erbium, europium, holmium, kadmium, terbium, lutetium og thulium viser alle størst utlekk frå Leca type A (Tabell 4; Fig. 4 – 5).

**Tabell 4.** Utlekk (mg) av grunnstoffa målt i ristetest når  $\mu\text{L/S} \cong 2$  ( $n=5$ ). I forsøk med Leca type A i ionefritt vatn var pH lik 6,5, medan i forsøk med Leca type B i ionefritt vatn var pH lik 10. pH i forsøk med bufferløysing var 4,0. Leiingsevna i bufferløysinga 5,3 mS/cm mot 1,0  $\mu\text{S/cm}$  i ionefritt vatn. Høvet A/B er utrekna på grunnlag av utlekk ved  $\text{L/S} \cong 2$  når masse Leca er lik 1 kg (Sjå Tabell C1). Eit høve  $>1$  mellom dei to slaga Leca (A/B) viser at konsentrasjon målt i Leca type A er høgare enn i Leca type B.

Grunnstoff (Kjemisk symbol)	Leca type A			Leca type B			A/B	A/B
	Total- innhald [mg/kg]	Utlekk per kg Leca til ionefritt vatn [mg]	Utlekk per kg Leca til buffer- løysing [mg]	Total- innhald [mg/kg]	Utlekk per kg Leca til ionefritt vatn [mg]	Utlekk per kg Leca til buffer- løysing [mg]	Utlekk til ionefritt vatn	Utlekk til buffer- løysing
<b>Silisium (Si)</b>	$160 \cdot 10^3$	3,5	99	$170 \cdot 10^3$	20	340	0,18	0,29
<b>Jern (Fe)</b>	$60 \cdot 10^3$	0,01	41	$38 \cdot 10^3$	0,002	91	5,0	0,45
<b>Aluminium (Al)</b>	$30 \cdot 10^3$	0,09	60	$11 \cdot 10^3$	1,5	140	0,060	0,43
<b>Kalsium (Ca)</b>	$23 \cdot 10^3$	170	550	$14 \cdot 10^3$	87	1300	2,0	0,42
<b>Kalium (K)</b>	$7,3 \cdot 10^3$	31	44	$16 \cdot 10^3$	10	18	3,1	2,4
<b>Titan (Ti)</b>	$6,9 \cdot 10^3$	0,001	0,05	$4,6 \cdot 10^3$	0,00013	0,46	7,7	0,1
<b>Magnesium (Mg)</b>	$5,6 \cdot 10^3$	13	73	$6,0 \cdot 10^3$	0,29	200	45	0,37
<b>Mangan (Mn)</b>	$3,5 \cdot 10^3$	1,3	67	$0,91 \cdot 10^3$	0,00008	2,6	16	26
<b>Svovel (S)</b>	$3,4 \cdot 10^3$	250	320	$0,65 \cdot 10^3$	25	72	10	4,4
<b>Fosfor (P)</b>	$2,0 \cdot 10^3$	0,026	5,2	$0,97 \cdot 10^3$	0,0080	2,6	3,3	2,0
<b>Barium (Ba)</b>	500	0,11	0,24	410	0,013	1,1	8,5	0,22
<b>Strontium (Sr)</b>	390	1,5	0,24	129	0,076	0,67	20	0,36
<b>Vanadium (V)</b>	250	0,0065	0,085	153	0,051	0,47	0,13	0,18
<b>Sink (Zn)</b>	210	-	0,67	107	-	0,50	-	1,3
<b>Zirkonium (Zr)</b>	150	-	0,01	84	-	0,026	-	0,4
<b>Nikkel (Ni)</b>	150	0,39	6,6	230	-	7,4	-	0,89
<b>Krom (Cr)</b>	150	-	0,03	80	-	0,096	-	0,3
<b>Kopar (Cu)</b>	110	0,008	4,3	45	-	0,77	-	5,6
<b>Litium (Li)</b>	75	2,1	4,4	39	0,014	0,13	150	34
<b>Kobolt (Co)</b>	47	0,066	1,1	21	-	0,12	-	9,2
<b>Cerium (Ce)</b>	22	0,0001	0,21	10	-	0,25	-	0,84
<b>Bly (Pb)</b>	21	-	0,057	23	-	0,23	-	2,5
<b>Molybden (Mo)</b>	20	0,02	0,015	2,9	0,0090	0,064	22	0,23
<b>Neodym (Nd)</b>	19	0,0001	0,25	17	-	0,39	-	0,64
<b>Arsen (As)</b>	14	0,008	0,18	7,1	0,014	0,47	0,57	0,38
<b>Lantan (La)</b>	9,0	0,005	0,099	5,0	-	0,012	-	8,3

Tabell 4 held fram.

Grunnstoff (Kjemisk symbol)	Leca type A			Leca type B			A/B	A/B
	Total- innhald [mg/kg]	Utlekk per kg Leca til ionefritt vatn [mg]	Utlekk per kg Leca til buffer- løysing [mg]	Total- innhald [mg/kg]	Utlekk per kg Leca til ionefritt vatn [mg]	Utlekk per kg Leca til buffer- løysing [mg]	Utlekk til ionefritt vatn	Utlekk til buffer- løysing
<b>Rubidium (Rb)</b>	8,7	0,040	0,096	4,7	0,036	0,089	1,1	1,1
<b>Yttrium (Y)</b>	7,5	0,00006	0,14	1,8	-	0,072	-	1,9
<b>Tinn (Sn)</b>	6,7	-	-	2,6	-	0,003	-	-
<b>Hafnium (Hf)</b>	4,0	0,000008	0,0003	2,5	0,000005	0,00073	2	0,41
<b>Wolfram (W)</b>	4	0,0003	0,0048	1,1	-	-	-	-
<b>Germanium (Ge)</b>	2,6	0,00065	0,029	1,6	0,001	0,18	0,65	0,16
<b>Uran (U)</b>	2,6	0,000005	0,010	3,4	0,0000048	0,016	1	0,63
<b>Beryllium (Be)</b>	2,5	-	0,0078	2,5	-	0,013	-	0,60
<b>Selen (Se)</b>	2,4	0,041	0,065	-	-	-	-	-
<b>Praseodym (Pr)</b>	2,3	0,00001	0,028	1,2	-	0,028	-	1
<b>Antimon (Sb)</b>	2,1	0,00063	0,0027	0,44	0,0011	0,0062	0,57	0,44
<b>Samarium (Sm)</b>	1,9	-	0,029	0,74	-	0,019	-	1,5
<b>Gadolinium (Gd)</b>	1,7	0,00001	0,034	0,53	-	0,016	-	2,1
<b>Dysprosium (Dy)</b>	1,5	0,000008	0,027	0,36	-	0,014	-	1,9
<b>Thorium (Th)</b>	1,5	-	0,0019	0,94	-	0,019	-	1,0
<b>Ytterbium (Yb)</b>	1,3	-	0,017	0,78	-	0,0073	-	2,3
<b>Tantal (Ta)</b>	1,1	-	0,00006	1,1	-	-	-	-
<b>Erbium (Er)</b>	0,81	-	0,015	0,18	-	0,0077	-	2,0
<b>Cesium (Cs)</b>	0,63	0,00056	0,0027	0,86	0,00061	0,0025	0,92	1,1
<b>Europium (Eu)</b>	0,60	-	0,0066	0,14	-	0,0043	-	1,5
<b>Holmium (Ho)</b>	0,5	0,000002	0,01	0,25	-	0,0028	-	3,8
<b>Thallium (Tl)</b>	0,43	0,00001	0,00011	0,70	0,000029	0,00042	0,35	0,26
<b>Vismut (Bi)</b>	0,33	-	0,00089	0,21	-	0,0021	-	0,42
<b>Tellur (Te)</b>	0,28	-	-	0,053	-	0,002	-	-
<b>Kadmium (Cd)</b>	0,28	0,00005	0,0028	0,066	-	0,0017	-	1,7
<b>Terbium (Tb)</b>	0,27	-	0,0054	0,070	-	0,0023	-	2,4
<b>Sølv (Ag)</b>	0,23	-	-	0,11	-	0,0001	-	-
<b>Lutetium (Lu)</b>	0,20	-	0,0022	0,12	-	0,0011	-	2,0
<b>Thulium (Tm)</b>	0,11	-	0,0022	0,025	-	0,0011	-	2,0
<b>Indium (In)</b>	0,085	-	-	0,068	-	-	-	-

<sup>a</sup>L/S betyr høvet væske (*liquid*) til fast stoff (*solid*). – Utlekk ikkje kvantifisert.

Ristetest med Leca i bufferløysing speglar i mindre grad skilnaden i totalinnhald mellom dei to slaga Leca. Dekomponert Leca type B hadde høgast innhald av kalium, nikkel, bly, uran, cesium og thallium (Tabell 2 og 3). I ristetest viste Leca type B høgast utlekk av silisium og aluminium, både til ionefritt vatn og til bufferløysing (Tabell 4; Fig. 4); det same var tilfelle for vanadium, arsen, germanium, antimon og thallium (Tabell 4; Fig. 5 og 6). For ei rekkje grunnstoff var utlekk til ionefritt vatn ubetydelig, til forskjell frå vatn bufra til pH 4,0. Leca type B viser høgast utlekk i bufferløysing av zirkonium, nikkel, krom, cerium, neodym, beryllium og vismut, medan utlekk til ionefritt vatn var under kvantifiseringsgrensa (Tabell 4; Fig. 5 og 6). Zirkonium, cerium og neodym er typisk ikkje løyselege i vatn, men bunde til frie partiklar i vatnet.


Jern, kalsium, titan, magnesium, barium, strontium, molybden og hafnium viser alle ein høgare konsentrasjon målt i utlekk frå Leca type A til ionefritt vatn samanlikna med type B, men motsett i utlekk til bufferløysing (Tabell 4; Figur 4 - 6). Denne skilnaden kan ha samband med kjemisk felling ved ulike pH. I ristetest med Leca type A og ionefritt vatn vart pH målt til 6,5, men for Leca type B og ionefritt vatn vart pH lik 10. Effekten av pH vil dermed ha mest å seie for Leca type B. Ved høg pH vil mange metall felle ut som hydroksid (Stumm & Morgan, 1995). Hydroksida er vanlegvis ikkje løyselege; unntaksvis er stoffa i hovudgruppe I løyselege medan kalsium, barium, strontium er moderat løyselege. Innan hovudgruppe II i det periodiske system (sjå vedlegg E) vil hydroksida vise aukande løysingsevne med aukande atomnummer. Denne auken har samband med at gitterenergien minkar med aukande storleik på kationet. Ved minkande pH aukar løysingsevna av metalla, men metalla som er tungtløyselege med sulfat og fosfat vil kunne felle ut. Sulfata viser minkande løysingsevne med aukande atomnummer; denne tendensen er motsett av den for hydroksida. For sulfatsalta varierer gitterenergien lite på grunn av at sulfationet er relativt stort og at det derfor er radien av dette ionet som i hovudsag bestemmer gitterenergien. Hydratiseringsenergien, som er omvendt proporsjonal med ioneradien, aukar med minkande atomnummer, og dette er utslagsgjevande for løysingsevna (Kofstad 1992). Dei fleste sulfatsalta er lettløyselege med unntak av (kalsium,) barium, strontium og bly som er tungtløyselege. Jern, kalsium og magnesium er alle tungtløyselege med fosfat. Ein auka konsentrasjon av sulfat og fosfat i utlekk vil medføre auka utfelling av kation som dannar tungtløyselege salt («*common ion effect*»); utlekk av svovel til ionefritt vatn hadde eit forhold A/B lik 10, samanlikna med 4,4 i ionefritt vatn bufra til pH 4,0.

Ved auka ionestyrke og nedgang i pH vart det målt auka konsentrasjonar av grunnstoff i utlekk; dette var eit gjennomgåande resultat i ristetesten (Fig. 4 – 6). To grunnstoff som utmerka seg med høge konsentrasjonar i Leca og klart høgare i dekomponert Leca type A samanlikna med type B, var svovel og mangan (Tabell 3). Svovel og mangan viser også høgast konsentrasjon målt i utlekk i ristetest med Leca type A samanlikna med type B; skilnaden aukar ved nedgang i pH (Fig. 4). Leca type A har høgare konsentrasjon av dei aller fleste grunnstoff samanlikna med Leca type B (Tabell 2 og 3). Unntaka, der Leca type B hadde høgast konsentrasjon er magnesium, silisium, kalium, natrium, nikkel, bly, uran, cesium og thallium.



Ristetesten simulerer stagnasjon i eit biofilter. Forsøk med lecakuler som var lagt i blaut i 2 timer før bruk viste ein noko lågare konsentrasjon av grunnstoff målt etter 24 timars kontakttid enn i forsøk der utgangspunktet var tørre lecakuler; effekten skuldast sannsynligvis hydratisering av overflata på lekakulene.

I ristetesten vart variasjon mellom to ulike leveransar av lecakuler undersøkt.


Konsentrasjonen av kalsium i utlekk varierte noko mellom leveransane, både for Leca type A og type B (Fig. 4). For nikkel var skilnaden mellom leveransane spesielt tydelig for Leca type B (Fig. 5), medan for mange av de andre grunnstoffa var variasjonen mellom leveransane mindre/ubetydelige (Fig. 4 – 6).



**Figur 4.** Utlekk (mg/L) av kalsium, magnesium, silisium, aluminium, jern, svovel, kalium, mangan og fosfor frå lecakuler rista i høvesvis ioneфриtt (DI) vatn (Leca type A: pH 6,5; Leca type B: pH 10) og ioneфриtt vatn bufra til pH 4,0. Leiingsevna i bufferløysinga var 5,3 mS/cm mot 1,0  $\mu$ S/cm i ioneфриtt vatn. Ristetesten vart utført med 12 g lecakuler i 25 mL ioneфриtt vatn (n=5), og 25 mL ioneфриtt vatn bufra til pH 4,0 ved tilsetning av eddiksyre og natriumacetat (n=5). Leca type A1 og A2, B1 og B2 er henta frå ulike leveransar av lecakuler. Effekten av blautlegging av lecakuler i ioneфриtt vatn i 2 timar vart undersøkt for både Leca type A og type B. Kontaktida i sjølve ristetesten var 24 timar.



